

Grindløe på Mjøs, Radøy

Tilstandsvurdering av murverket

Haakon Aase Tørrmuring 27.11.12



Heile vestveggen er utført i tørrmur






Ved inngangsdøra på vestveggen.
Steinar som har falle ned tyder på
utrasing. Her kan det også ha vore
opning for ein glugge eller eit vindauge.

Smuggregg mot aust

H. Are, 26.11.12

På skissen er markert av 4 punkt der tiltak må/tør setjast inn

- ① Relativt alvorleg utrasing av innovergangen.
- ② Skade i murkrona.
- ③ Mindre utgliding. Behov for "undermessing".
- ④ Skade på lårbrua, ca. 2-3 m frå regg.





Ein del steinar i murkrona er komne i ulage og må leggjast på plass att, sjå pilene! Det er trong for at ein går over heile murkrona og justerer toppsteinane.

Nordveggen er utført med ståande kledning og liggjande kledning i røstet. Som fundament er lagt ein låg grunnmur som må ettersjåast, evt. påbyggjast noko for å hindra kontakt mellom trevyrke og jord.



Den raude pila peiker på ei mindre, udramatisk utgliding i grunnskiftet. Tiltaket her vil vera å grava seg inn ved grunnsteinane i muren og "undermura" det nedste skiftet (merkt med 3 på skissa). Jamt over er murverket her ved kufloren bra, veggene er fuga med kalkmørtel for å gje eit betre inneklima. Den gule pila viser til eit "arrangement" som kan vera eit gjødseluttak og/eller ei drenering ved at ei opning i veggene fører ut i noko som ser ut som ei steinsett grøft. Det er sett opp ei skiferhelle til tetting av opninga.



Pila peiker på skade i murvangen på Låvebrua (merkt med 4 på skissa)




Ved inngangen til flor i sør er det noko ugreie i murverket der den raude pila viser (merkt med 2 på skissa).



Austveggen. Ved døra ved vernemuren heilt i sør. Utrasing i innervangen har også skipla steinar i yttervangen. Her må eit parti av grunnmuren takast heilt ned, fundamenterast på nytt og reisast opp att. Under arbeidet må bygningen stemplast av med dekkestøtte eller liknande. Dersom det er trong for heving/avretting av trekonstruksjonen kan det gjerast i same omgang.




Gavlveggen mot sør. Slik løa står i dag, er steinen fjerna frå røstet, dvs. trekanten mellom rafta og mønet. Eldre foto dokumenterer at vernemuren har gått heilt til topps. Vernemuren framstår i hovudsak som eit ryddig murverk med god bindingar i kinningane og godt uthall for vatnet sin del.



Fotoet er frå ca. 1974. Det dokumenterer at vernemuren mot sør har gått heilt til mønet.



Vernemuren i dør sett frå to sider. Murverket her er verkar i hovudsak patent. Kinningen mot aust er utført med gode tverrband og steinen er lagd med godt uthall. Mot vest er sørveggen "fletta" godt i hop med vestveggen.



Vernemuren mot sør.

I den austre delen av vernemuren, opp til godt og vel mannshøgde, er det eit felt med moderat utbuling. I tilstandsvurderinga har eg konkludert med at det ikkje vil vera trong for demontering og oppattmuring her. Tilstanden til dei nedre skifta i muren tyder ikkje på svikt i fundamentet, og ein har heller ikkje registrert endringar dei seinare åra. Det er noko uro i murverket også i innervangen i dette området. Tiltaket her vil vera å varsamt prøva å nokre viktige steinar tilbake på plass, t.d. ved hjelp av ei hydraulisk pumpe sett imot eit anlegg, og dertil skording og pinnning.



Utbulinga nemnt på førre lysbilde, er om lag innanfor avmerkt felt.

